

**Hugsar du MK Hausten?**

Det spør veteranbåtentusiast Harald Sætre som sender oss bilete han har teke av ein båt i Son i Oslofjorden for nokr dagar sidan. Det er ein Hardangerkuttar som vart bygd i Ølve i 1918 og som på 1930-talet førte råstoff for Bergen Preserving til hermetikkfabrikkane langs kysten - til dømes truleg også til Uskedalen.

I boka til Ivar Våge om hermetikkindustrien i Sunnhordland står det at Johannes Sunde frå Uskedalen byrja som kokk ombord i kuttaren og at faren hans, Sverre, var skippar. Kanskje hadde båten i periodar fast kaiplass i bygda, undrar Sætre og spør om nokon kjenner til denne tida.

Etter tida som føringsbåt vart båten forlenga og ein del ombygd. Men dei gamle linene i skrogt er framleis synlege. No er båten skulebåt for ungdom og Stiftelsen Soon Sjøskole eig han. Båten kan ta 28 passasjerar

Av Ola Matti Mathisen

